

## Notat

**Til:** Hovudutvalet for opplæring

**Kopi:** Fagopplæringsnemnda

**Frå:** Fylkesdirektøren for opplæring

### Fagbrev utover første fagbrev

#### Bakgrunn

I sak 23/15 Strategiar for fag- og yrkesopplæringa i Sogn og Fjordane – kvalitet og gjennomføring gjorde hovudutval for opplæring følgjande vedtak:

- 1. Hovudutval for opplæring skal legge særleg vekt på formidlinga av søkjarar med ungdomsrett til opplæring i bedrift, siste to år, når opplæringstilbodet skal vedtakast.*
- 2. Ordninga med tilskot utover første fagbrev står fast under føresetnad av at søkjarar med ungdomsrett er formidla innan faget.*

#### Gjennomføring av vedtaket

Sogn og Fjordane fylkeskommune har som målsetting å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Denne målsettinga er forankra i målekartet til fylkeskommunen og i mål og strategidokumentet «God – betre – best». Overgangen frå vg2 i skule til vg3 i bedrift er kritisk for om elevane på yrkesfag gjennomfører opplæringa. Elevane har rett til å få fullført opplæringa gjennom:

Ungdomsrett: Ungdom som har gjennomgått grunnskuleopplæring eller tilsvarande har rett til tre års vidaregåande opplæring i løpet av ein samanhengane periode på fem år når opplæringa føregår i skule, og seks år når heile eller deler av opplæringa føregår i bedrift. Opplæringa må vera fullført innan utgangen av det året søkaren fyller 24 år. Retten til vidaregåande opplæring gjeld i det fylket der du er bustadregistrert.

Vaksenrett: Vaksne som ikkje har fullført vidaregåande opplæring tidlegare, men som har fullført grunnskulen eller tilsvarande, har rett til vidaregåande opplæring frå og med det året dei fyller 25 år.

Fullføringsrett: Vaksne utan rett som er tekne inn i vidaregåande opplæring, har rett til å fullføre opplæringa.

Fylkesdirektøren har fylgt opp vedtaket i sak 23/15 ved å ikkje handsame søknader etter vaksen- og fullføringsrett før etter at søknader med ungdomsrett er handsama. Dette har medført auka sakshandsamingstid for dei som skal ta fagbrev nummer to eller meir.

Opplæringskontora er uroa for den auka sakshandsamingstida og har spela inn følgjande punkt:

- *Allereie fast tilsette i ei bedrift kan ikkje ta opp plass for ny lærling når ho/han teiknar lærekontrakt i det faget ho/han alt jobbar i.*
- *Konsekvensen av ordninga er at tilsette i yrkesfaga kan blir nekta vidareutdanning sjølv om dei har fått plass. Dette fremjar ikkje likeverd for yrkesfaga.*
- *For mange mindre bedrifter og institusjonar er det avgjerande å kunne ha kompetanse i fleire fag. I t.d. elektrofaga er fagbrev ei sertifisering som bedrifta må ha for å kunne arbeide. Små bedrifter har få tilsette som må kunne beherske fleire område. Utviklinga i arbeidslivet har medført behov for fleirfaglegheit både i små og store bedrifter. Dette er typisk for store delar av Sogn og Fjordane.*
- *Bransjar med sesongarbeid kan ha langt fleire fast tilsette dersom dei tilsette beherskar fleire fag.*
- *Fleire og fleire bransjar har behov for fleirfaglege arbeidstakarar og vel å gje ungdom og fast tilsette tilbod om å ta fleire fagbrev.*

#### **Fylkesdirektøren sine vurderingar**

Vedtaket i sak 23/15 har sendt eit viktig signal til arbeids- og næringsliv i Sogn og Fjordane om viktigheita av å tilby læreplass til ungdom med rett. I enkelte bransjar kan dette ha medverka positivt til å auke formidlinga av lærlingar med ungdomsrett. Samstundes ser fylkesdirektøren at det er store skilnader mellom bransjane og at det i nokre bransjar er viktig å kunne tilby fagbrev nummer to eller tre og at dette kan gjerast utan at dette tek opp ein læreplass for ein annan. Fylkesdirektøren ser òg at det er vanskeleg å utsette handsaminga av søknader til fagbrev etter første fagbrev når dei som ikkje er formidla med ungdomsrett ikkje er søkjar som let seg formidle. Døme på dette kan vere ungdommar som har søkt fagbrev men som verken bedrift eller fylkeskommune får kontakt med over lang tid.

Fylkeskommunen praktiserer godkjenning av lærekontraktar i samsvar med lov og forskrift. I forskrifta til opplæringslova kapittel 6 «Inntak til vidaregåande opplæring» står det i § 6-29 siste ledd:

*«Søklar som ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 og § 4A-3, skal takast inn etter søkjar med rett».*

Fylkesdirektøren vil halde fram med sakshandsamingspraksisen i samsvar med vedtak i sak 23/15, punkt 2. Hovudregelen er at handsaming av søknader med tilskot utover første fagbrev skjer etter at søkjarar med ungdomsrett er formidla i faget. Like fullt må fylkesdirektøren utøve skjønn i enkeltsaker for å ta i vare kravet til forsvarleg sakshandsaming, jf. forvaltningslova med forskrift.

#### Vedlegg:

Notat frå OKSU